



Tenneelva kraftverk v./Trond Ryslett

6110 Austefjorden

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgjje ved svar):

04/755 NATB-IN-OKS

Arkivkode:

363.2

Dato:

29.03.2004

Søknad om flytting frå kategori II til kategori I i Samla plan for Tenneelva kraftverk i Vanylven kommune, Møre og Romsdal

Bakgrunn

Tenneelva kraftverk AS søker om ei flytting frå kategori II til kategori I i Samla plan for vassdrag for eit justert utbyggingsprosjekt i Tenneelva. Flytting til kategori I er naudsynt for å få høve til å søkje om konsesjon for ei utbygging. Kategori I inneheld prosjekt i gruppene 1-5, mens gruppe 6 og større er kategori II prosjekt. Nærare opplysningar om Samla plan-metodikken finnes bl.a. i "Samlet plan for vassdrag – Hovedrapport" frå 1984.

Eit utbyggingsprosjekt, 38601 Tenneelv, vart behandla i St.meld. nr. 53 (1986-87). Prosjektet vart plassert i gruppe 6, kategori II. Det vil seie at det ikkje er høve til å søkje om konsesjon for ei utbygging. Plasseringa i kategori II skuldast lokal motstand mot ei utbygging; på eit reint fagleg grunnlag var prosjektet plassert i gruppe 4, ei plassering som ville ført til plassering i kategori I og høve til å søkje om konsesjon.

Dei nye utbyggingsplanane skil seg lite frå prosjektet som vart handsama sist. Den største skilnaden er at reguleringa av Tennevatnet er noko mindre. I det nye prosjektet er det planlagd å regulere vatnet 2 meter (1 meter opp og 1 meter ned). I det eksisterande Samla plan prosjektet er det føresett ei regulering på 3,5 meter (3 m opp og 0,5 m ned).

DN's vurdering

I St.meld. nr. 60 (1991-92) vart rutinar for administrativ handsaming i Samla plan fastsett. Eit prosjekt kan flyttast frå kategori II til kategori I om lokal motstand ikkje lenger er tilstades, og lokal motstand var grunnen til at prosjektet vart plassert i kategori II. Det nye prosjektet skil seg så lite frå det gamle prosjektet at flytting til kategori I berre er aktuelt om lokal motstand ikkje lenger er til stades.

Vanylven kommune handsama saka i møte 15.03.2004 i sak 0022/04. Følgjande vedtak vart fatta:
"Vanylven kommune vil tilrå at Tennevassdraget vert flytta frå kategori II til kategori I i Samla plan for på denne måten å kunne få vurdert grunnlag og konsekvensar ved ei eventuell utbygging her.

Besøksadresse:

Tungasletta 2

Postadresse:

N-7485 Trondheim

Telefon:

73 58 05 00

Telefaks:

73 58 05 01

Videokonf:

73 90 51 40

Internett:

www.dirnat.no

E-post:

Postmottak@dirnat.no

Sakshandsamar:

Odd Kristian Selboe

Telefon:

73 58 09 52

I samband med utgreiinga av prosjektet, vil kommunen be om at ein i tillegg til reguleringsforslaget i føreliggjande skisseplan, også får vurdert regulering slik opphaveleg tenkt i Samla plan samt 0-alternativet.”

Med kommunens vedtak er føresetnadene for ei flytting frå kategori II til kategori I oppfylt.


Vedtak

Eit prosjekt i Tenneelva, som vist i søknad frå Tennelva kraft, flyttast frå kategori II til kategori I i Samla plan for vassdrag, av di lokal motstand ikkje lenger er tilstades og lokal motstand var grunnen til at prosjektet vart plassert i kategori II. Vedtaket er fatta i samråd med NVE.

Vi vil be om at det i ein eventuell konsesjonssøknad vert utgreia fleire alternativ for regulering av Tennevatnet, og også ei utbygging utan regulering.

Ei konsesjonshandsaming vil ofte føre til at det kjem fram ny og betre kunnskap om konsekvensane av ei utbygging. Handsaminga i Samla plan er ikkje ein førehandskonklusjon for dei vurderingane av føremoner og ulemper som skal gjerast under ei konsesjonshandsaming.

Med helsing



Ola Skauge (e.f.)

Direktør Naturbruksavdelingen

for 
Kristin Bodsberg
Seksjonssjef

Kopi til:

Vanylven kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

Postboks 5091 Majorstua

Fylkeshuset

6143 Fiskåbygd

6412 Molde

0301 Oslo

6412 Molde